

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Fyresdal

Emne: Ymse A. Høfler.

Bygdelag:

Oppskr. av: Einar Stokkenberg.

Gard:

(adresse): Fyresdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga royale.

B. Eller om den er etter ~~andre~~ heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Om dette emnet har eg arbeida i mange år .  
Resultatet foreligg i stykket "Utrast" ,  
VIKING , 1947 .

## I . Rötur .

A. Ymse slag rötur . 1- 6 .

Enno inn i 90åra var det vanleg å nytta rötur av kvike  
(triticum repens) og av trauske (krypsoleie , ranunculus  
repens) til for . Det var rötur som ein sank opp av åke-  
ren under våråna . Kvikerötane kunne ein gjeva til hes-  
tane , men dei måtte først kokast . Trauskerötane gav ein  
i töysa (sörpa) til kyrne .

B. Bregnerötur til for er det ingen som minnest  
i Fyresdal .

## II .

Tang og tare finst ikkje i ei innlandsbygd som  
Fyresdal . Botngras vert kalla tong , det vert omtala  
under III .

## III .

Annat for av planter (henta utanfor ståttåna) .  
På ein gard Flatland som ligg innmed ei å der det gjerne  
er ope om vinteren , har dei i gamal tid raka opp botngras  
(lobelia dortmanni) /

2

(lobelia dortmanna) som dei nytta til for .

Det var i gamal tid vanleg å sankka dei gpöne bladene av björnekam (blecnum spicant) . Det var helst om våren og i vårknipen vart dei gjevne til hssten .

#### IV og V . Sörpefor .

Sörpe kallest her for Töyse (f.) .

Åggjeva krötera töyse var ålment i gamal tid . Sume stader har dei halde fram med det til etter første stor-krigen , Det er kanskje stader der dei gir töyse enno .

Det første ei kjering eller ei tenestejente hadde å gjera om morgonen , var å gå åt eldhuset , setta over bryggepanna og koka vatn til töysa . ~~Itöysesåen~~ hadde ein for av mange slag som avnar , ripelauv , höymo , ugrasfrö og annat slikt saman med avfall frå hushallet , mask frå obrygging og litt mjöl ogso . I gamal tid var det vel berre av lettkorn , i nyare tid av kjøpt kraftfor ogso . Litt salt hörde vanlegvis til .

I töysa kunne sume ha noko hestemök . "Men det er lenge sidan ; vil folk gjerne legga til når dette kjem på tale . Hestemök til for utan i töysa er ukjendt her . For mange höve har eg fått denne opplysning om namngjevne bondekjeringar : " Ho meig i töysa " .

Ilvatnet som dei koka hadde ein gjerne turka kvanne-  
ris eller andre planter som kunne gjeva godsmak på töysa .

Det kokande vatnet slog ein over blandinga i töyse-  
såen som ein bar til fjaset . Töysa skulle gjevast varm ,  
helst om vinteren .